


Kategori: Ledelse og styringssystem/Oppdrag, mål og strategier	Gyldig fra/til: 20.10.2023/20.10.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Ledelse og styringssystem	Versjon: 3.01
Godkjenner: Clara Gram Gjesdal	Retningslinje
Dok. ansvarlig: Merete Elisabeth Gjerde	Dok.id: D69130

1. Hensikt

I samsvar med [Regional plan for pasienttryggleik og kvalitetsforbetring 2020-2024](#) skal Helse Bergen, som ledd i å sikre gode resultat i pasientbehandling og eit godt arbeidsmiljø, byggje kompetanse og kapasitet, og gjennomføre kontinuerlege forbetringsprosessar på alle nivå i organisasjonen. Eit viktig bidrag til trygge tenester er opplæring i forbetringsmetodikk. For at Helse Bergen skal klare å innføre nye tiltak som fungerer i dagleg praksis, og over tid, må kompetansen til å gjennomføre vedvarande forbetringar styrkast i alle ledd av organisasjonen. Få meir informasjon om forbedringsarbeid i Helse Bergen på temasida [Forbedring](#).

Illustrasjon av kompetansenivå for forbetringsmetodikk, inkludert Helse Bergen sine mål for andel tilsette på dei ulike nivåa:



2. Ansvar

Nivå 2/3 leiarar: Ha oversikt over forbetringskompetanse i eiga eining ved hjelp av data frå Kompetanseportalen. Tildele aktuelle kompetansekrav frå Kompetanseportalen til medarbeidarar,

oppfordre til, og avsette tid til deltaking på kurs og utdanningstilbud. Bidra til å auke eigen, og medarbeidarane sin kompetanse innan forbetring i tråd med mål for Helse Bergen.

Brukarstøtte Kompetanseportalen: [Mine medarbeidere - Administrer planer/ Administrer krav](#).

Medarbeidarar: Gjennomføre tildelte kompetansekrav.

Team *Forbedring av forbedring*: Det overordna målet for teamet sitt arbeidet er å bidra til at leiarar og medarbeidarar i Helse Bergen får støtte og tilrettelegging til å drive forbedringsarbeid i eigen eining. Det skal teamet gjere ved å utvikle styringssystemet slik at det fungerer som føresett innanfor området systematisk forbedringsarbeid.

Arbeidet er forankra i [styrande dokumentasjon](#) for forbedringsarbeid i Helse Bergen.

Teamet leiest av viseadministrerande direktør og består elles av representantar frå Forskings- og utviklingsavdelinga, Personalavdelinga og Føretakssekretariatet.

3. Gjennomføring

Eksisterande tilbud for å oppnå dei ulike kompetansenivåa for forbedringsmetodikk:

Introduksjon til forbedringsmetodikk

Gjennomfør kompetansekrav i Kompetanseportalen: *Introduksjon til forbedringsmetodikk*.

Mål: 100% av medarbeidarane i Helse Bergen har gjennomført kompetansekravet i Kompetanseportalen.

Basiskunnskap i forbedringsmetodikk

Det er fleire måtar å få basiskunnskap i forbedringsmetodikk.

- Sjølvstudie: Gjennomfør kompetansekrav i Kompetanseportalen: *Basiskunnskap i forbedringsmetodikk*.
- 1 dags- kræsjkurs i forbedringsmetodikk, påmelding via kurskatalogen i [Læringsportalen](#).
- Andre dagskurs innan forbetring som er godkjent av leier kan registrerast manuelt i Kompetanseportalen.

Mål: 30% av medarbeidarane i Helse Bergen har basiskunnskap i forbedringsmetodikk.

Forbedringsutdanning

Ulike utdanningstilbud kvalifiserer for forbedringsutdanning*:

- [Regional forbedringsutdanning](#), søknadsfrist juni, oppstart haust. Informasjon om påmelding publiserast på temasida [Forbedring](#).
- Skotsk forbedringsutdanning, [Scottish Quality and Safety Fellowship Programme \(SQS Fellowship\)](#)). Nivå 2 leiar nominerer kandidatar gjennom [samla opptak til leiarutvikling](#).
- Temabasert forbedringsopplæring i Helse Bergen (eks. BLEST – forbedringsopplæring og Forbedringsopplæring – Betre pasientflyt i poliklinikk).
- Annan utdanning innan kvalitetsforbetring (for eksempel [Kvalitetsforbetring i helsetenesta ved UiB](#), Lean, mm). Må godkjennast av leiar og registrerast manuelt i Kompetanseportalen.

Mål: 10% av medarbeidarar i Helse Bergen har gjennomført ei forbedringsutdanning.

Veilederutdanning

Gjeldande utdanningstilbud*:

- Regional veilederutdanning, søknadsfrist juni, oppstart haust. Informasjon om påmelding publiserast på temasida [Forbedring](#).
- Skotsk forbetningsutdanning gir veilederkompetanse.

Mål: 1% av medarbeidarar har gjennomført ei rettleiarutdanning i forbetningsarbeid.

* Utdanningstilbud i regi av Helse Vest vert automatisk registrert i medarbeidarars CV i Kompetanseportalen.

Interne referanser

[1.1.2-10](#)

[Forbedringsarbeid i Helse Bergen](#)

Eksterne referanser

[Forbedring – Hjemmeside \(sharepoint.com\)](#)